



## Notat

Dato: 25.02.2014  
Arkivsak: 2014/215-7  
Saksbehandlar: ingastr

---

<b>Til:</b>	Ingebjørg Engel Astrup, Kjell Johan Brun, Roald Orvedal, Ivar Hjelland, Gunnar Hemre Ringheim, Gunnbjørg Austrheim
<b>Frå:</b>	Ingebjørg Engel Astrup

---

### Verneverdi - Merknader etter synfaring 21.02.14

**Til Gunnbjørg Austrheim, seksjon for kulturminne og museum**  
**Frå Ingebjørg Astrup, Eigedomsseksjonen**

#### **Synfaring på Voss gymnas 21.02.14.**

Kommentarar og oppsummering etter synfaring i dag med Kjell Kvam, Gunnar Ringheim, Kjell Johan Brun, Ivar Hjelland, Unn Fauskanger, Stig Rogne og Ingebjørg Astrup.

Med merknader – i rødt - til momenta vi hadde framme i vår synfaring den 06.02. 14

#### **Konklusjoner etter synfaring:**

*Skolen* ligg flott i terrenget, og bygget framstår med verdighet. Dette må ein ta omsyn til ved plassering av nybygg på tomten.

Vi var samde om at bygget har ein flott plassering både på tomta og i Voss sentrum, og at ein må få fram i konkurranseteksten at bygget frå 1919 er hovudbygget som nybygget med sin utforming må spela saman med. Bygget sine kvalitetar skal ein ivareta.

Skolen er i god stand med tanke på alder, og inntrykket er at det er godt vedlikehald i bygget.

Det er særleg tekniske anlegg som treng total fornying:

Det elektriske anlegget

Varmeanlegget

Sanitæranlegg

Elektroniske installasjonar

Lengdeaksen kjem godt fram med *korridorane* som ein må ivareta. Det gjeld alle korridorane frå første til tredje høgda. Løysing med vindauge i bogeforma over dørene, gjer at ein har tatt vare på den opprinnelege opplevinga, sjølv om det er skifta ut dører. (Brannsikra). Golvet i korridorane må ein ivareta.

Ein vil ivareta hovudstrukturen med korridorar og klasserom, og ein vil ha dei opprinnelege terrazzogolva i korridorar og trappeløp.

Brannsikringa med nye dører er godt utførd.

*Trapperom* med hvelv er godt komponert. Det kjem mykje lys inn, og trapperomma er vellykka arkitektonisk. Gelender og søyler og originale vindauge er viktige element her.

Smijernsrekkeverk og handlist i eik.

Trapperom må ein behalda utan inngrep. Det er ikkje aktuelt å bygga på gelender slik det er framlegg om i rapporten «Teknisk Tilstandsanalyse» av Sweco frå januar 2014. Gelender vert opprusta slik det er. Ein beheld dei originale vindauga, og finn løysing med innervindauga for å hindra varmetap.

Vindauga mot idrettsplassen (sør/vest) skal førast tilbake til opprinneleg inndeling med isolasjonsglas.

Det vert produsert kopiar av vindauga med opprinneleg ruteinndeling i isolerglas, der det er kome inn nye glas.

Der det er originale vindauga, må ein behalda dei, og setta dei i stand der det er trong for det. Ein må søkja løysing for isolasjon med doble vindauga, eller vindauga på innsida av dei originale.

Sidan det ikkje er aktuelt å isolera veggane, er det viktig å hindra kuldegjennomgang i glasflatane.

Der dei opprinnelege glasa er, finn ein løysingar med indre vindauga. Ein må utfordra produsentar på gode løysingar.

Der det er dobbeltvindauga, stellar ein dei slik at dei vert tette.

Ein går over overgangen mellom vindaugsråme og vegg, og tettar der det er utett.

Ytterdørene i eik må ein ta vare på. Dei er viktige element i heilskapen, og ein må behandla dei slik at dei også ver tenelege i åra frametter. Fine detaljar i dørklinke.

Dørene må ein stella og behandla.

Stig gjer merksam på at dei kanskje må hengslas om.

Taket Informasjon om at papp på yttertak er dårleg.

Det er fine detaljar i smijern festet på vegg og som holder takrennene. Taes vare på. Lage kopi.

Taket er tett.

Spikar i skifarhellene er ok. Det er pappen som er dårleg.

Når det gjeld overgangen frå gammalt til nytt bygg, må ein ta omsyn til at bygget må stå fritt. Slik det er løyst i dag med ein gangveg, får ein oppleva bygget, inngangspartiet og ein har lysinntaket i korridorane intakt. Eit nybygg må ha same distansen og respekten for det gamle bygget.

Det er uttrykt lik haldning til at bygget frå 1919 må stå fritt.

Ei vurdering er at heis (UU) vert integrert i det nye bygget, og det må i tilfelle føra til fleire forbindelsar mellom det gamle og nye bygget. Så det kan verta ei utfordring med tanke på koblingspunktet.

Merknader pr etasje:

#### 4.etasje:

Festsalen er i god stand, og bør takast vare på slik den er. Den bør haldast utanom arealdisponeringa, og nyttast som festsal for alle, og som sal med scene for dramafaget.

Golv	i furuparkett
Vindauga	skiftast til kopi av originalvindauga på begge sider Få til blending på innsida med tanke på bruk av projektor
Lyssetting	Ny. Ta vekk lysstoffrør Ivareta lampene med glaskuplar, og finna løysing som går saman med desse. (Driftsleiar har fått glaskuplar frå sjukehuset – til å skifta ut knuste kuplar.) Ta omsyn til at det er ein festsal, og at nytt lys og kuppellampar spelar saman.
Scene	Studera gamle foto, og sjå korleis sceneteppet og baketeppet har vore.
Tak	Vurdera isolasjon frå kaldloftet ned mot salen. Sikra lufting.
Søyler	med dekorbelte som kapitel.
Dører	Ubehandla. Ser ut til å ha vore malt tidlegare, og kan malast igjen. Der plate har vore sett inn, må ein få inn ei dør.

Salen er i god stand, og i opprusting tek ein omsyn til rommet sin karakter og hevar dei estetiske kvalitetane.

Festsalen vert halde utanom arealdisponeringsplanen.

Vindauga vert skifta med kopi av originale vindauga.

Tak: Det vert vurdert korleis ein kan isolera over taket.

## Festsalen vert opprusta.

### 3. og 2. etasje:

I hovudsak bør ein bevara klasseroms- og korridorstrukturen i etasjane.

Sidan det er trong for grupperom, må ein vurdera om ein kan nytta noko av inndelinga som alt er gjort i 2. høgda til det.

I klasseromma må ein sjå om ein kan tilbakeføra nokre av romma med opprinneleg takhøgde.

Når alle dei tekniske forbetringane vert utførde, er det eit ønskje frå skolen at klasseromma framstår som moderne. Skolen vil at klasserom med storleik 63m<sup>2</sup> vert for 25 elevar, ikkje 30. Minstekrav er 2m<sup>2</sup> pr elev. Det er snakk om å fjerna gamle kateterrepos for å innhenta kvadratmeter på golv.

Innspel frå Kjell Kvam at ein må sikra skåp til elevane slik at ytterklede og gymbag oa ikkje skal med inn i klasseromma, noko som vil gje meir rom.

Innspel frå Ingebjørg Astrup om at ein tilbakefører minimum eit klasserom med opprinneleg takhøgde og bygningselement slik det var. Ein må løysa eventuelle akustikk utfordringar.

Lydgjennomgang er eit problem. Både i luft og golv.

### 1.etasje:

Den gamle gymnastikksalen i 1. etasje må ein bevara. Det er å ønskja at den vert tilbakeført med opprinneleg vegg.

Om salen vert nytta som danse/dramasal kan den ha ein speilvegg.

Når det gjeld golv med demping, kan det leggjast oppå det opprinnelege golvet, slik det er løyst no.

Når ein restaurerer salen, må ein vurdera om ein skal opna opp att galleriet som ligg over salen.

Salen har vore etterisolert med plater på veggene, og innblåst isolasjon i golvet.

Ein måte å få varme i salen, kan vera å nytta strålevarme ovanfrå.

### Kjellar:

Toalettromma i kjeller er store. Ein må halda på dette formatet både på rom og inndeling når ein rustar opp toaletta. (Toalettet for gutar er finst).

Opna opp igjen tildekkta vindauge i ventilasjonsrommet om det let seg gjera.

Kjellaren vert halde utanom arealdisponeringsplanen.

Toalettanlegg vert i nybygget.

Det vart drøfta løysing for å kvitta seg med vatten på golv. (har hatt lekkasje)

### Nytt:

Finna løysing for UU-tilpassing. Framlegg om ytre heissjakt i hjørnet i nordaust.

Voss gymnas er eit kvalitetsbygg som vi må restaurera på ein fagleg god måte.

Som eit hovudprinsipp ved restaurering av verneverdige bygg, arbeidar ein ut frå at alt originalt må bestå.

I merknadene frå synfaringa går det fram at det er originale delar med god kvalitet.

### Oppfølging:

Konkurransgrunnlag.

Kjell tek med innspela frå dette referatet når han utformar konkurransegrunnlaget. Det er viktig å ha dialog med kulturminnemynde i den prosessen. Vi tek eit fellesmøte når det er aktuelt, og når teksten er klar, vert den også send til seksjon for kulturminne for gjennomgang.

Skolen ønskjer også å sikra seg at deira synspunkt kjem med i prosessen.

Utlysningstekst.

Det er viktig at vi i utlysningsteksten etterspør antikvarisk kompetanse.

Vurdering.

Samspillmodell.

I bedømmingskomitéen (juryen) bør vi ha med folk med vernekompetanse.

Det er viktig å sjå anlegget som heilskap, og slik er også kompetansen i forhold til det historiske bygget som viktig for å vurdere heilskapen.

Teikningar: Bygget vert gjennomgått med tanke på å få reelle km<sup>2</sup>-areal. Det er innkassingar oa som ikkje er med på fylkeskommunen sine planteikningar. Gunnar sjekkar i kommunen sitt arkiv. Kjell B følgjer opp med John Akse.

Miljørapport ligg føre, viktig å få den rullert til 1.mai

Tinga Bakketun til å gå over ventilasjonsanlegget med tanke på å sjekka funksjon og luftmengde.

Framdriftsplan frå PL til skolen